

Bygdanytt.

- lokalavis for Arna og Osterøy -

Tirsdag 8. september 2020 | Nr. 65

64. årgang | Laussal 35 kroner | bygdanytt.no



Side 10

Råkule olabiler i
Mjeldalen Grand Prix



Side 6-7

Fra operasjon til
løp på fire måneder



Side 3

Krever at det
blir fortgang i
K5-prosjektet

Stortingsrepresentanter
fra Sp med klar tale etter å
ha vært på besøk.



Side 8

Helgen-
seilas på
besøk

Side 5

Startar arbeidet med å laga ny leikepark på strandpromenaden


Plass for sykkeltriksing, balanseline, benkar og bord, solbenkar og mykje anna:
Grøntarealet ved Øyrane vert no tilrettelagt for aktivitet.



Side 8

Video med
dansehylllest
til Ytre Arna

Ida Elisabeth Stuwitz
Paulsen dansar seg
gjennom Ytre Arna som
ein takk til bygda.



7 090004 860017

Ida (19) med unik hyllest til heimbygda

Ida Elisabeth Stuwitz Paulsen dansa seg gjennom Ytre Arna sine gater som ein takk til bygda.

– Eg har hatt lyst til å lage denne hyllest-videoen lenge. Eg er litt stolt av prosjektet, fortel Ida Elisabeth Stuwitz Paulsen (19). Før sommaren studerte ho dans på Spinoff i Oslo. Då skulen stengde ned på grunn av korona, drog Ida heim til Ytre Arna. Der

fekk ho i oppgåve å lage eit solo-prosjekt som ho skulle levere til skulen.

Det førte til at ho dansa seg gjennom gatene i bygda, medan kompisen Kim Hamre filma det heile. Videoen heiter «TIM x YAS».

TIM står for Ida og søstrene hennar, Torill (15) og Marie (21). – Eg og søstrene mine vaks opp i Ytre Arna og det var her vi fekk sansen for kunsten, og i mitt tilfelle, dansen. Så dette

er ein takk til den fantastiske plassen, som hjelper oss å satse på det vi ville, seier 19-åringen.

Ho legg til at det er synd at bygda mister musikkteateret, som er flytt til Åsane, og asylmottaket som blir lagt ned.

– Eg er veldig glad for at eg fekk vekse opp medan dei tinga var der.

I videoen har Ida vore opptatt av å samarbeide med fleire. Det er søstera Torill som syng ein coverlåt i dansevideoen. Ida vil

også takke kunstnarane FRØ production, Tegson og M.u.M., som står bak grafittien som er i bakgrunnen i mykje av videoen.

– Det er veldig kult og det gjer staden veldig livlig.

Videoen er filma av Hamre Frilans&Tjenester. Ide, regi og edit: Ida Elisabeth Stuwitz Paulsen. Du kan sjå videoen på bygdanytt.no.

KRISTINA BØLAND
kristina.boland@bygdanytt.no



Ida saman med søstrene Torill Aurora Mønnich Paulsen [t.v.] og Marie Doyenne [t.h.]. FOTO: PRIVAT

Sunniva-seglasen ankra opp på Hamre

Fredag ettermiddag kom Sunnivaseglasen til Hamre, ein seglas som markerer at det er 850 år sidan leivningane av den heilage Sunniva blei frakta i eit skrin frå øya Selja ved Stadt til Bergen.

Reisa for å markera Sta. Sunniva starta 28. august på Selja, der Sunniva kom i land saman med nokre av folka sine. Sunniva skal ha vore ei kongsdatter frå Irland som nekta å bli truga til ekteskap, og ho reiste frå Irland med folka sine i tre skip utan segl, ror eller årer.

Skipa kom til slutt til vestkysten av Norge, og medan somme gjekk i land på Kinn, gjekk Sunniva og dei fleste andre i land på øya Selja ytst i Nordfjord.

Her måtte dei røma då kongen sendte folk for å drepa dei fordi han trudde dei var krigarar. Under flukta gøymde dei seg i ei hule som blei lukka att av eit ras med store steinar.

Skytshelgen for Bergen

Historia fortel at då Olav Trygvason kom til Selja, fann han Sunniva som såg ut som ho sov, medan det lukta det friskt av dei andre leivningane. Det blei difor bygd ei kyrkje på staden.



Båten med det symbolske skrinet med leivningane etter helgenen Sunniva kom fredag litt før klokka 15.30 til Hamre. Den båten gjekk for motorkraft, men med på turen frå Selja var også to robåtar. FOTO: RONNY BERTELSEN

I år 1170 blei leivningane av den heilage Sunniva frakta i eit skrin frå Selja til Bergen då bispetet for Vestlandet blei flytta frå Selja til Bergen. Leivningane etter Sunniva tok dei med seg.

Og det er akkurat denne reisa som no blir tatt på nytt att, 850 år etter at Sunniva kom til Bergen, byen ho blei skytshelgen for. Vegen dei segla er også den gamle pilegrimsleia langs kysten.

Kaffi- og bollestopp

På reisa sørover hadde ein av båtane ein kopi av skrinet ombord, samt at denne båten hadde følgje av to robåtar, i tillegg til ein seglbåt. Dei segla den same leia frå Selja til Bergen, der dei var framme fredag, etter ein kort stopp på Hamre.

På Hamre blei det stort sett berre tid til ein kopp kaffi og eit par bollar før turen gjekk vida-



Med på turen var også fire jenter som er medlem i tre ulike trusretningar, den lutherske, den ortodokse og den katolske.

re til Bergen, der det markera eit velfylt kulturprogram. Men, om kvelden blei det arrangert ei kveldsgudsteneste i kyrkja på Hamre, og denne var ein del av kystpilegrimsseglasen.

Sjølve gudstenesta blei gjennomført som ei ortodoks gudsteneste, og det har truleg aldri skjedd på Osterøy før.

Skein opp på Hamre

Sjefen for turen er Kjell Magnus Økland, som er leiar av stiftinga Kystkultur no, det tidlegare Kystsovekeken. Han fortel om ein seglas med svært varierende vær.

– Vi hadde bra vær i starten, men så snudde vinden og vi kom nesten ikkje av flekken. Så då trong vi slepehjelp for å koma oss vidare. Vått og surt har det eigentleg berre vore torsdagen og fredagen. Og så skein det opp då vi kom til Hamre, smiler Økland.

– Ingen uhell på vegen?

– Det største uhellet var ein caps som fall på sjøen.

RONNY BERTELSEN
ronny.bertelsen@bygdanytt.no

Ny toppmodell med høyeste energimerke:

DAISEIKAI 9

A+++

Kontakt oss for gratis befaring i dag!

Ring Tlf. 995 71 402

SCANDIC
- et solkraft valg

Velkommen innom oss i Lyngveien 2, Knarvik

www.scandic.no

TOSHIBA
VARMEPUMPER

Sølte til veibanen med fiskevann

Flere fikk bruksforbud og en fikk dyr bot i kontroll fredag kveld.

Statens vegvesen sjekket fredag 49 tunge kjøretøy som var innom kontrollplassen på Romslo ved E16. 26 ble grundigere kontrollert.

En sjåfør måtte ut med 2000 kroner i bot for å kjøre med for slitte dekk.

To kjøretøy som transporter-

te fisk hadde mye avrenning fra lasten, og det havnet mye fiskevann i veibanen. Begge disse fikk forbud mot å kjøre videre før de hadde fikset dette.

Det ble også gitt flere bruksforbud for brei last, overlast og feil på låsemekanismen på en svingsskive.

Tre kjøretøy fikk tekniske mangler i kontrollen, en av de hadde feil på fartsskriver og måtte kjøre til nærmeste verksted for reparasjon.

Vegvesenet kontrollerte også 12 førere på hviletid, og her ble det gitt en skriftlig advarsel på brudd.

– Dette er et resultat vi er svært fornøyd med, melder de.

KRISTINA BØLAND
kristina.boland@bygdanytt.no